



## LEIKANGER JAKT- OG FISKELAG

Vi nyttar bygda sin bank  
**SPAREBANKEN SOGN OG FJORDANE**

Avd. Leikanger  
Bankgiro 3781.07.30251

### ÅRSMELDING FOR LEIKANGER JAKT OG FISKELAG 1989

Trass stor aktivitet på leirduebana, har ikkje laget makta å auke medlemstalet i året som gjekk. 72 aktive medlemmer, ein nedgang på tre, viser likevel ei rimeleg stabil og trufast gjeng medlemmar.

Som vanleg seier ikkje talet på styremøte noko særleg om aktiviteten i laget. Berre tre har vi hatt. Størst aktivitet har det vore på på Kleppa. I løpet av våren og sommaren vart lagshytta flytt til permanent oppstillingsstad og bygd om. Vidare vart det ført fram straum til hytta og området vart tilrettelagt med grusvegar og grøntområde. Den store aktiviteten gjorde likevel sitt til at tilveksten på grøntareaala var sparsom. Vidare vart det søkt om og gjeve løyve frå politiet til utviding av skytesona slik at presstandplassen kom inn i baneområdet. Styret vil få takke ivrige medlemmer for god dugnadsånd.

Trening på leirduebana har det vore to gonger i veka. I tillegg til bra deltaking på dei 4 opne stemnene som vi gjennomførte på Kleppa, var i gjennomsnitt 9 medlemmer frå laget med på kvart av stemnene i fylket. Gode resultat kan dei og vise til:

Duell:	Vidar Frækaland	2 gonger
	Svein Inge Moum	1 "
	Kurt Langeteig	1

Press:	Tore Brock	1 "
	Kurt Langeteig	5 "

Stemnevinnar:	Kurt Langeteig	9 "
---------------	----------------	-----

Gamba Cup: Kurt Langeteig (konkurranse mellom laga i I. Sogn).

Som det går fram av denne lista, har særleg Kurt Langeteig gjort store innhogg i premiane på stemna i fylket. Når vi legg til at han og vart klubbmeistar og fekk eit eit napp i vandrepokalen som er oppsett i Førde for mestvinnande deltakar på stemna der oppe, tek vi truleg ikkje for mykje i når vi hevdar at han truleg var den beste trap-skyttaren i Sogn og Fjordane i 1989! Nye utfordringar får han og dei andre aktive i laget i ein ny sesong der vi skal ha store stemner på Kleppa. Følg med på terminlista.

Vi vil og nemne at vi også i år tok "knekken" på skyttarlaget i felleskytinga. Denne gongen var det Nils Olav Langeteig som vann.

Fiskekonkurransen på Fjærlandsetevatn vart gjennomført som vanleg i år og. 24 deltakarar deltok. Frå resultatet nemner vi at største fisken fekk Hans Roald Holen (1050 g). Mest fisk fekk Jan Tore Fedje med 35 stk., og vandrepokalen for største fisk på fluge fekk Nils T. Henjum.

Styret

**STYRET I LEIKANGER JAKT- OG FISKELAG****1989**

FORMANN  
NESTFORMANN  
KASSERAR  
STYREMEDLEM/SEKRETÆR  
STYREMEDLEM  
VARAMANN  
FORMANN I JAKTUTVALET

FORMANN I FISKEUTVALET

VARAMANN  
VALNEMND

REVISORER

A SVEN ERIK VESTBY  
A BJØRN FJØSNE  
B PER HAUGE  
A JAKOB STØYVA  
B OLAV FINNE (FLYTTA)  
A BJØRN HAGEN  
B KURT LANGETEIG  
B SVEIN INGE LUNDHEIM  
B IVAR FAGERHEIM  
A VIDAR FREKALAND  
B SVEIN INGE MOUM  
A AGNAR GÅSERUD  
B GEIR OVE RØYSUM  
B KNUT HAUKELAND  
B ARTHUR RØYSUM  
A PER AABERGE  
B JON SKÅRHAUG  
B SVERRE FOSSEN  
B INGE YTTRI

B: PÅ VAL

A: IKKJE PÅ VAL

**LEIKANGER JAKT OG FISKELAG****UTDRAG FRA REKNESKAPEN FOR 1989**

INNSKOT BANK	KR.	46950,04
POSTGIRO	KR.	1300,59
LEIRDUEBANA	INNTEKTER	UTGIFTER
	KR. 115057,70	KR. 112605,60
DIVERSE	KR. 3760,-	KR. 2387,80

Årsmøte 23.2.1990 kl. 19<sup>30</sup> på Elvegård

Det møtte 24 medlemmar.  
Formann var ordstyrar.

Sak. 1. Godkjenning av omkalling: Ingen merknad

Sak. 2. Godkjenning av årsmelding og rekneshap:  
Ingen kommentar

Sak. 3. Valg

Nestformann	Per Hauge	einstenværing
Kasserar	Odd Rehnes	-
Storgemedlem	Nils Olav Langseth	-
Jaktutval	Kurt Langseth	formann attval
Valet av S.t. Lundeheim utestengt:	Var Fagerheim	attval
Fiskeutval	Stein Inge Mowinckel	attval
	Kolbjørn Nord	ny
	Knut Haukeland	vora attval

Valnemnd	Stein Inge Henjum	ny
	Stein Inge Sundheim	ny
	Vidar Frechaland	ny
Revisorar	Sverre Fossen	
	Inge Ythri	

Pokal for ren vert tildeledd i år.  
Min pokal til Sigurd Gjoringsby for 6 stk.

Lotten gav ei innledet på kr 787,-

Ros Støvle

Sven Eile Vestby